

# Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

Nr. 6 - DESEMBER 2010 42. årgang



Barnehagen på Undheim si julevandring 2009



*God jul*

## Bryne - Time - Undheim sokn

Kyrkjekontoret tlf. 51 77 03 77  
 Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00-14:00  
 heimeside: <http://www.time-kyrkja.no>  
 e-post adresse: [kyrkjekontoret@time-kyrkja.no](mailto:kyrkjekontoret@time-kyrkja.no)  
 telefaks tlf. 51 77 03 60  
 Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne  
 Prost: Kjell Børge Tjemsland tlf. 416 38 048  
 Sokneprest: Stein Ødegård tlf. 911 57 105  
 Prostiprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847  
 Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 51 48 40 69  
 Diakon: Ann Iren Tjelta Ravndal tlf. 958 955 85  
 Diakon: Marit Høie Hetland tlf. 911 630 39  
 Sekretær Bryne sokneråd: tlf. 51 77 03 72  
 Elisabeth Obrestad  
 Sekretær Time sokneråd: tlf. 51 77 03 72  
 Elisabeth Obrestad  
 Sekretær Undheim sokneråd: tlf. 480 273 04  
 Herdis Lindal  
 Sekretær: Kari W. Ødegaard tlf. 51 77 03 77  
 Sekretær: Siri Vik tlf. 51 77 03 76  
 Kyrkjevjerje: Olav Vegard Søyland tlf. 909 423 04  
 Konsulent: Tor Aase tlf. 51 48 34 82  
 Prosjektleiar trusopplæring: tlf. 51 48 85 10  
 Jorunn M. Ueland

Time tlf. 51 48 32 84  
 Organist: Oddny Underhaug tlf. 900 11 178  
 Kyrkjetenar: Marit Undheim tlf. 51 48 43 09  
 Soknerådsleiar: Amund Undheim tlf. 51 48 43 09  
 Klokkar: Sofie Braut  
 Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

Bryne tlf. 412 728 62  
 Kyrkjelydsprest: Leif Oscar Reiestad tlf. 996 191 21  
 Kyrkjetenar: Alf Einar Weseth tlf. 51 48 66 68  
 Organist: Per Olav Egeland  
 Klokkar: Leif Andenes  
 Soknerådsleiar: Ruth Stabel Berg tlf. 938 316 23  
 Barne- og ungdomsarbeidar: tlf. 51 77 03 68  
 Jorunn Pettersen

Lye forsamlingshus  
 Heimeside <http://www.lyeforsamlingshus.no>  
 Ungdomsprest: Ole Tørring tlf. 951 789 71  
 Leiar forsamlingsstyret: tlf. 404 01 214  
 Vegard Hanssen

Undheim tlf. 51 48 68 20  
 Prest: Per Børge Hillestad tlf. 934 429 19  
 Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 5148 45 55  
 Soknerådsleiar:  
 Kåre Sigurd Undheim tlf. 51 48 43 07  
 Undheim kapell tlf. 51 48 68 20

Besøk vår nettside:  
[www.time-kyrkja.no](http://www.time-kyrkja.no)  
 e-post:  
[helgedagen@time-kyrkja.no](mailto:helgedagen@time-kyrkja.no)

Framsida - Barnehagen på Undheim si julevandring 2009. I adventstida er barnehagane i Time kvart år inviterte til julevandring i kyrkjene.

Der får dei sjølv vera personane i og rundt stallen i Betlehem og slik leva med i juleevangeliet.

## Helgedagen

Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd


Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug og Gunnar Føyland. Layout: Gabriel Tengsareid og Jærprint.

Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til [gabriel.tengsareid@lyse.net](mailto:gabriel.tengsareid@lyse.net) og må vera oss i hende innan 14. januar.

Neste nr. kjem ut ca. 1. februar. Ver vennleg å senda stoff til Helgedagen innan fristen.

## Til ettertanke



Erling Pettersen

## Adventstanker

Året er 1985. Stedet er vårt første kirkelokale i et gammelt trehus i Boa Vista, Brasil, der vi var som misjonærer, utsendt av NMS. Det er første søndag i advent, og de første gudstjenestedel-takerne kommer inn i det spartanske kirkerommet, går frem til det vesle alterbordet og legger sin gave ved alteret: En pose mel, sukker eller kaffe, et såpestykke, noen bananer og grønnsaker fra en jordflekk i slummen. Ved gudstjenestens begynnelse er den vesle plattingen der alterbordet står, helt full. Etter gudstjenesten blir gavene ved alteret gitt til dem som trenger det meste. Hun som bare hadde hatt noen bananer å gi, kunne gå hjem til skuret sitt med både sukker og mel, fulgt av gode blikk som sa: "Vi ber om vårt daglige brød hver gang vi ber Fadervår. Og brødet er vårt, ikke bare mitt... Derfor deler vi det."

I denne adventstiden, i et av verdens rikeste land, står disse bildene fra fat-tige mennesker som delte det de hadde, som et eksempel på det Martin Luther sa: "Hvis enhver tjente sin neste, var hele verden full av gudstjeneste." Jeg ser for meg de mange ansiktene fra slummen i Brasil, og jeg gjør deres bønn til min:

"Jesus, Kristus, du som kom til oss som en fattig flyktning, la oss dele de gaver du har gitt oss, med alle som trenger brød, omsorg og fellesskap."

Jeg lar dette være min bønn i advents-tiden, og deler den gjerne med dere. Velsignet advents- og juletid!

**Hilsen**

**Erling J. Pettersen**  
**biskop**

*Eg er så glad kvar julekveld*

*Eg er så glad kvar julekveld,  
 for då vart Jesus fødd.  
 Då lyste stjerna som ei sol,  
 og englar song så søtt.*

*Det vestle barn i Betlehem,  
 han var ein konge stor,  
 som kom frå høge himmelborg  
 ned til vår arme jord.*

*No bur han i sin himmelheim,  
 han er Guds eigen Son.  
 Men alltid minnest han dei små  
 som bed med tru og von.*

*Eg er så glad kvar julekveld,  
 då syng me Jesu pris,  
 då lét han opp for alle små  
 sitt vene paradís.*

*Ho mor, ho kveikjer alle ljós,  
 dei skin i kvar ei krå,  
 for heile verda, seier ho,  
 skal jolestjerna sjå.*

*Ho seier stjerna skin enno  
 og aldri sløkna kan,  
 og skin den stjerna på min veg,  
 då finn eg himlens land.*

*Ho seier alle englar syng  
 enno om fred på jord,  
 at himlen like open er,  
 Guds kjærleik like stor.*

*Å, gjev eg kunne syngja så,  
 då vart visst Jesus glad,  
 for eg vart òg Guds kjære barn  
 ein gong i dåpens bad!*

*Eg er så glad kvar julekveld,  
 så glad i Jesus Kristus,  
 og at han også elsker meg,  
 det veit eg sant og visst.*

Marie Wexelsen 1859, Bernt Anker 1906

## Mei Salme

## Mi kjæraste julesalme



Rolf Salte

Det vert hevda at ikkje nokon nasjon eller folk har ein slik rik salme- og songskatt knytta til julehøgtida og julefeiringa, som Noreg. For meg personleg er julefeiringa uløyseleg knytta til denne songskatten.

Det er svært vanskeleg å finna noka å setja først, der er så mange gilde salmer. Når det først skal vera ein, så må det verta "Eg er så glad kvar julekveld".

Denne songen vart skriven av Marie Wexelsen for 150 år sidan.

Dei enkle orda i salma, saman med den vakre melodien, ber fram den glade budskapen på ein varm og lett forståeleg måte. Det er som ein kjenner varmen og gleden over julehøgtida strøyma gjennom seg.

Denne salma "Eg er så glad kvar julekveld..." vert nok av dei fleste oppfatta først og fremst skriven for barn, la det vera så. Det er over 70 år sidan eg song ho for første gong, men eg må berre tilstå eg syng ho like gjerne i dag.

Ho gjev so mange gode minne frå alle dei gilde julehøgtidene eg opplevde som barn. Eg tenkjer på alle juletrefestane på bedehuset. Ofte var det Martin Sandved som med sitt biletrike "Kanans språk" heldt talen, og så gjekk vi i store ringar rundt juletreet og song og song, ikkje minst "Eg er så glad kvar julekveld..."

Åra har gått, dei har for meg vorte mange, men det er like gildt å syngja, ikkje minst julesalmane og songane.

Jula er og ei stor høgtid, og sjeldan kjenner eg dette som i kyrkja 1. juledag når vi reiser oss og syng høgtidsverset "Frå fjord og fjære...". Eg har og hatt særleg glede av Blix si julesalme "No koma Guds englar med helsing i sky...". I siste verset syng vi:

*"Den freden meg fylgjer frå vogge til grav,  
 meg hugge i særaste sutar. Så seier eg når eg frå verda tek av og døyande hovudet lutar:  
 Guds fred og farvel No sovnar eg sæl. Vår fredsfyrste høgt vere lova".*

Ei god jul, med mykje song!

**Rolf Salte**

# Med jærskje røter og kloden som arbeidsfelt - guten frå Kverneland



Jørn Lemvik

Foto: Eivind Hauglid i Norsk Misjonstidende

**- Eg kjenner meg heime på Jæren, seier Jørn Lemvik, Kvernlandsbu med heile kloden som arbeidsfelt. Han er generalsekretær i Norsk Misjons Bistandsnemnd. Kristi Åpenbaringssøndag, 2. januar, kjem han til Bryne som talar på den årlege misjonsfesten på Saron. Det bør engasjera og utfordra. Jørn er gift med Jorunn.**

Jorunn og Jørn Lemvik bur i Oslo. Dei har fem barn, ei svigerdotter og eitt barnebarn. "Internasjonalt" kan vera eit stikkord for deira arbeidsaktive liv. Som utsendingar for Norsk Luthersk Misjonssamband, Kirkens Nødhjelp, og Haukeland sjukehus vart det 13 år i arbeid for Mekane Yesu- og den Ortodokse kyrkja i Etiopia.

Tilbake i Norge har Jørn Lemvik arbeidd som frittstående konsulent i ein 15 års periode. Kompetansen har vore knytt til organisasjon og leiing. Han har hatt oppdrag for mange kyrkjesamfunn i ulike deler av verda. I dag er han generalsekretær i Norsk Misjons Bistandsnemnd, eller Bistandsnemnda (BN), ein stilling han har hatt i to år. Etter barneskule på Kverneland hadde han mange skuleår på Bryne og fortel at han kjenner seg heime i gatene her. Dertil budde besteforeldra, Gunvor og Bjarne Undheim, i Herikstadvegen.

Kristi Åpenbaringssøndag, 2. januar, kjem Jørn Lemvik til Saron. Han talar på den årlege misjonsfesten i regi av NMS.

**- Leiari i Bistandsnemnda, kan du gi oss eit glimt inn i dine daglege utfordringar?**

Me er ein paraplyorganisasjon for kristne kyrkjer og misjonsorganisasjonar. Bistandsnemnda har 17 medlemmer, alle kyrkjesamfunn eller misjonsorganisasjonar av ulike slag. Norad støttar oss årleg med 145 millionar kroner. Pengane finansierer bistandsprosjekt i 40 land, prosjekt som blir drivne av våre medlemsorganisasjonar eller deira partnarar.

**- Kva har dei jærskje røtene betydd for deg i arbeidet på ein internasjonal arena?**

Eg er jærbu på den måten at eg likar godt å arbeide og har ei sterk pliktkjensle. Sett i ettertid, har eg nok brukt altfor mykje tid på arbeidet, sjølv om det har vore både utfordrande og meningsfylt. I min tanke er det i utgangspunktet ikkje mykje som er umogeleg. Det er bare å brette opp ermene og ta fatt, så kan ein få til det meste. Eg har nok også litt av det grublande lynnet som kanskje pregar, i alle fall nokre av, Garborg sine rollefigurar. Det kan føre til at mot og livslyst nokre gonger har vore på eit lågmål, og eg har ikkje alltid vore enkel å leve med for dei rundt meg. Elles er det mykje himmel på Jæren. Eg tenkjer meir på det nå enn før, - - kor

glad eg er i den høge himmelen, noko eg òg prøver å hugse å ha over livet i meir overført tyding.

**- I misjon og bistand oppfattast det lett at me alltid er på givarsida. Får me noko tilbake?**

Eg har ei lita historie som illustrerer noko av det som har gjort sterkt inntrykk på meg. Me var i Etiopia, og eitt av våre barn, som då var i Norge, vart sjuk. Eg gjekk til kyrkje-presidenten og sa at eg måtte heim ein tur. Han sa det var klart eg måtte reise heim - "men", - sa han, - først må me be saman". Så tok han meg i handa og ba: "Kjære Gud, barnet **vårt** er sjukt". Det å bli inkludert på den måten har vore, og er, utruleg godt å oppleve. Våre afrikanske vener har mykje å lære oss når det gjeld å sjå stort på relasjonar, og på kva som er det viktige i livet. Perspektiva deira er nok ofte rettare enn mine, som lett blir nærsynte og sjølvfokusererte


**- Kva er den viktigaste oppgava og den største utfordringa i di stilling i dag?**

- Dette spørsmålet vil nok få ulikt svar alt etter kven som skal svara. Eitt av måla er at misjonærene skal kunna vere kristne arbeidarar på jobb, at me må kome oss vekk frå den ugreie oppdelinga mellom evangelisering og bistand utan dermed å misbruke statlege pengar til å drive kyrkjebyggjande arbeid.

**"målsetjinga skal vere at menneske opplever verdige liv"**

Eg ivrar for at alle organisasjonar skal prøvast på dei fotefara dei set etter seg, og dette gjeld sjølvstags oss. Vidare ynskjer eg at målsetjinga for arbeidet skal vere at menneske opplever verdige liv, ikkje bare at me skal få bukt med fattigdom. For meg er eit verdig liv noko ganske anna enn eit liv med nok pengar.

Utfordringa mi er å balansere, på ein ærleg måte, utfordringane og forventningane frå både Norad og media. Samstundes er det viktig for meg å



Illustrasjon: Kjell Fuglestad

vere klar på at Bistandsnemnda er til for medlemene våre, og for dei menneske me vil støtte i arbeidet med å leve verdige liv der dei er!

**- Internasjonalt arbeid for misjon og kyrkje, Jørn Lemvik, - - kvifor vart livsvegen din slik?**

Det er eit spørsmål eg har stilt meg sjølv mange gonger. Me ville gjerne vere ein del av Guds plan med våre liv og har bedt om det ned gjennom åra. Om eg har høyrte Guds stemme i kvardagen er eg nok usikker på. Framleis er ynskjet å vere der Gud vil me skal vere. Det høyrst jo fromt ut, men eg trur det er sant for både Jorunn og meg. Sidan me gifta oss har me ynskt å leve i Guds plan med våre liv.

# Juleminne frå 30-åra

Helgedagen er på besøk hos ein av dei eldste i Eikeland-skripsen, Eirik E. Håland. Han er fødd og oppvaksen på Håland (Høga-Håland) som tvillingbror til Magne, og i ein søskenflokk på til saman ni. Nå er det berre Eirik og søstera Herborg som lever att.

Eirik er fødd i 1924, og hadde såleis mykje av barndommen sin i dei "harde tretti-åra". Det merkjer og juleminna hans. Kontrasten blir stor til dagens julefeiring.

Mor hans kom frå Sandsvær, nær Kongsberg, og det sette gjerne sitt merke på matstellet på Håland. Men mykje gjekk nok også etter gamle tradisjonar på garden.

**SLAKTINGA** vart unnagjord om hausten. På Håland slakta dei berre sauer på garden, og det kom slaktar utanfrå for å gjera jobben. Då kunne dei gjerne slakta 30-40 lam/sauer på ein dag. Kjøtet vart køyrt med kjerre til Ålgård, lasta om bord på kjølevogner på toget og sendt til Oslo. Tarmene vart reingjorde, og saman med levrane vart dei pakka i kassar og også sende til Oslo. Kjøtet til eige bruk, gjerne frå spesielt feite gjeldsauer, vart salta ned. Men for borna var ikkje denne slaktinga så populær. Det var helst om å gjera å komma seg fort inn i huset då dei kom heim frå skulen. Dei

vart likevel sette til arbeids: Flå og dela sauehovud og flå saueføter.

## BAKING AV LEFSER

og flatbrød var og ferdig i god tid før jul. Bakstedagen kom ofte Maria Sæland. Ho var så tidleg at dei måtte stå opp tidlegare enn vanleg for å vera klare til ho kom. Arbeidsdagen var lang, gjerne til i 10-tida om kvelden, så ho måtte ha vore sterk. Lefsa var høgtidsmat, påsmurd med smør og sukker. Flatbrødet vart mellom anna brukt til "mølja", fast følgje til saueføtene. Elles var flatbrød brukt til "sodl": saup og flatbrød oppi djupe tallerkar.

**SMÅKAKER** kom nærare jula, og Eirik minnest mora som flink med baking av ulike slag.



Eirik E. Håland

**NYE KLEDE** til jul vart det gjerne. Han hugsar at ein gong reiste dei med hest og trille til Sandnes for å kjøpa klede hos Øglænd. Det var ein tur på om lag 2 mil. Ein annan gong reiste dei med lastebil, tvillingane og foreldra - og sjåføren. Alle sat framme i førarsetet! Då skulle gutane få seg nye dressar.

**JULETREET** var gran frå eigen skog. Dei selde og juletre, og gutane måtte vera med og hjelpe til. Trea vart selde på Ålgård. Dei største kosta tre kroner. Treet heime var pynta med levande lys, glitter og stas, norske flagg og fletta julekorger. Flettinga lærte dei på skulen. Treet skulle stå i "Buå", bestestova, som ikkje vart oppvermd til dagleg.

På julafta måtte alle borna få seg eit **bad** i trestampen på kjøkkenet, og så var dei klare for **risgrynsgrauten**. Den var tidleg på dag, og så hadde dei **svineribbe** om kvelden. Det var nok ein skikk mora truleg hadde med seg frå Austlandet. Ribba var salta, blei vatna ut og steikt. Etterpå var det gjerne **russedessert**. Den skulle vera luftig, så Eirik hugsar at det var stor innsats med handvisp for å få den rette konsistensen! Sviskegraut var også mykje bruka som juledessert.

**GANG RUNDT TREET** høyrde med, og så kom nissen. Presangane var ikkje så store, men Eirik hugsar ein: Ein liten trehest på plate med hjul under. Elles kan han hugsa at dei fekk appelsin, eple og fiken. Nøttene var frå eigen skog. Ein liten episode viser at appelsin var sjeldan kost: Han tykte at å eta ein heil appelsin var sløsing, så han pakka inn halve appelsinen i eit papir og gøynte

han bak ein stein. Det sørgjelege var berre at då han skulle henta han att, var han mygla og ikkje etande!

Sidan det var ei heil mil til **Time-kyrkja**, var det sjeldan dei kunne reisa dit i jula. Var det vestadrag i lufta, kunne dei likevel høyra klokken ringja jula inn. Men han hugsar at dei andre gonger drog til kyrkje med hest og trille. Det var mange grinder langs vegen, og turen kunne nok ta ein time kvar veg. Vintersdag var dei kalde etter turen, så det var godt å finna plass ved ein av dei to store vedomnane i kyrkja. Rundt dei var det metallplater, og han har eit lite minne om at spennene på skinnluene deira laga slik ei fin klirring mot desse platene!

**JULETREFEST** var ein tradisjon. Lærer Attramadal stod i spissen for den. Då var det program, gang rundt treet og nissebesøk. Nisse - med mykje moro - var Karl i Røynåsen. Heile krinsen var med, og det var gilde festar.

I romjula kunne dei og setja seg ned og lesa **juleposten**. Mange julekort kom til Håland, og Eirik hugsar at mora skreiv mange og lange julebrev til slekta rundt om i landet. Somme fekk gjerne ein liten pakke og, med nøtter frå skogen på Håland.

**JULESELSKAP** var vanleg. Dei var i gjesting både til Piggberget og Goholen. Dersom det var snø, fór dei med slede. Elles var det trilla dei reiste med. Julehøgtida var ei gild tid for små og store.

LHH



Håland i 1930-åra

**Det er lov å bry seg!**

Som telefonvakt hos Kirkens SOS kan du bidra til at andre får det bedre, samtidig som du får perspektiv på livet.

Kirkens SOS trenger flere telefonvakter!  
Vi søker kvinner og menn over 20 år som selv ikke er i en aktiv krise. Har tid til å bry seg og lyst til å utvikle seg.

Innføringskurs for frivillige telefonvakter starter onsdag 22. september 2010.  
Kurs: dag 10-13 eller kveld 19-22.

Kontakt Kirkens SOS i Rogaland 51 88 45 15 / 971 70 995  
e-post: rogaland@kirkens-sos.no  
www.kirkens-sos.no

**Kirkens SOS**  
i Rogaland

Vi er her. Alltid.

Nærradioen med godt nytt

**JÆREN MISJONS RADIO**

Tryggheimsvegen 13, 4365 Nærbø, Tlf.: 51 43 32 22

**Sender på**  
FM 103.5 - 106.3 - 106.6 - 107.9

**Sendetider**  
Mandag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00  
Tirsdag: 08.30 - 09.00  
Onsdag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00  
19.30 - 21.00  
Torsdag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45  
Fredag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45

Jesus Kristus er i går og i dag den samme, ja til evig tid.  
Hebr. 13,8.



Søndag  
12. desember kl. 18.00  
vil Jærklang med gjester  
framføra kantaten

## DEN STORE STJERNA

av Takle/Bjerkrheim  
i Bryne kyrkje

Koret har tidlegare framført kantaten i  
2002, 2003 og 2006.



Jærklang ved adventgudstenesta i Time kyrkje 13. desember 2009. Foto: Sverre Lima

### Desse deltek saman med koret:

Fløyte: Gjertrud Lygren  
Trompet: Åse H. Hetland, Ragnhild Kvitvær og Kjetil Fuglestad  
Piano: Inger Bakke Berge  
Song: Randi Liland, Irene Berg Hersdal og Per Olav Egeland  
Opplesar: Leif Andenes  
Dirigent: Oddny Underhaug.

**DEN STORE STJERNA** er ein julekantate skriven av Trygve Bjerkrheim og Mons Leidvin Takle. Kantaten er tileigna Ganddal pikekor og vart første gong framført i jula 1972.

Kantaten handlar om Betlehemstjerna som stråla då Jesus kom til jord. Ho stråla for hyrdingane på Betlehemsmarka. Ho viste veg for vismennene frå Austerland slik at dei fann barnet i Betlehem. Ein frelsar for alle i heile verda var fødd.

### I dag strålar Betlehemstjerna for oss:

*Ja, brenn, du Betlehem stjerne,  
for borni i land og by!  
For lyset frå dine strålar  
må mørket fly!*

### Det var oss frelsaren kom til:

*Ikkje til sjølvhjelpne sjeler,  
ikkje til stolte sinn,  
men til dei brostne hjarto  
steig verdi sin frelsar inn*

### Følgjer me stjerna, får me ein gong vera med i det store koret:

*Då skal me ein gong syngja  
sælt i det store kor,-  
ein lovsong til Jesus Kristus  
som gjesta den arme jord.*

*Evig skal songen stiga,  
eit jublande ære-kvad:  
Gloria in excelsis Deo!  
eit himmelsk halleluja!*

Under konserten vert det samla inn kollekt. Pengane skal brukast til julegåver til trengjande barn i Aust-Europa, formidla gjennom "Misjon Uten Grenser"

- Me ønskjer alle velkomne til konserten!

## KONSERT

### Omtale.



**Bryne kyrkje**  
**torsdag 16. des kl. 1930**  
**Undheim kapell**  
**fredag 17. des kl. 1930**  
**Mannsoktetten 8-eren**

Med Dekor (kun Undheim kapell)  
Marie og Marianne Mæland Rettedal – sopranner  
Christian Nome – piano  
dirigent Per Sigmund Rettedal  
bill. Kr 150/100

**8-eren** er ei samling menn som har ei stor felles interesse; me likar å syngja saman.

Gruppa starta opp i 1989 og medlemmane kjem frå heile Jær-regionen.

8-eren har eit allsidig og etter kvart stort repertoar. Gruppa har opptredt i mange ulike samanhengar. Me har arrangert eigne konsertar og delteke på andre sine konsertar. Me stiller opp i private selskap like gjerne som ved store arrangement.

8-eren har også vunne ein flott 2. pris i nasjonal korkonkurranse

Gruppa har gitt ut 3 cd-er:

- "Hogg og Belegg" i 1995, for å vise det varierte repertoaret gruppa har.

- "Hugnadstunder" i 1999 med songar/dikt av jærdiktaren Torvald Tu

- "I Jesu føderom" i 2009 - ein jule-cd med eit utval kjente og ukjente julesongar

Med på denne cd-en er også sopranen, Marianne Mæland Rettedal, som 8-eren gjennom alle år har hatt eit tett samarbeid med. Hennar vakre sopranrøyst, saman med utsøkt evne til formidling og tolking av songar, er det mange som gler seg over å høyre.

Ho er og med på konsertane saman med dottera, Marie Mæland Rettedal og pianist Christian Nome. Dirigent er Per Sigmund Rettedal. Han har vore vår musikalske leiar i 20 år, og har arrangert dei fleste av songane på cd-ane våre. Han er ein velkjend songar, arrangør og korleiar. For sin innsats fekk han i 2009 Sandnes kommune sin kulturpris.



**EVENSONG**  
**Julebodskapen**  
**i ord og tonar**  
**på Saron**

**tysdag 21. desember kl. 21.00**

Du er velkommen!

Arr.: ImF Brass



**JULETEFEST**  
**i Bryne kyrkje**

**Torsdag 30. desember kl. 16.00**

Det vil bli eit variert program med song/musikk og andakt.

Mat og gang rundt juletreet.  
Inngangspengar.

Velkommen!

Arr.: Bryne Sokneråd



**NYTTÅRS-**  
**AFTEN**

**2010/2011 i Peisestova**  
**i Bryne kyrkje kl. 20.00**

Kinamat og kaffi og frukt og fred og kaker og ro og drøs og moro.

Klokkeklang ved midnatt

Alle tar med litt julekaker samt kr. 250,-

Påmelding til Kyrkjekontoret:

Tlf. 51 77 03 77.

Begrensa plass!

Arrangør: Bryne Sokneråd

## No koma Guds englar

Velkommen til Julekonsert med Jæren kammerkor

**Solist:**  
Anne-Margrethe Eikaas Svanes m.fl

**Dirigent:** Ingunn Bjorland

**Ingvar Lygren, orgel og piano**  
**Lars Ole Bergersen, fiolin**



Arrangør: Jæren kammerkor

**Fredag 17. desember kl 1900 Nærbø kyrkje**  
**Lørdag 18. desember kl 1900 Bryne kyrkje**  
**Søndag 19. desember kl 1900 Revheim kirke**

Billetter ved inngangen kr. 200,-



## Glade jul

Julekonsert med Blandakoret Vivace søndag  
19. desember kl. 20.00 i  
Bryne kyrkje

Dirigent: Pål Espen Nielsen

Solistar: Bodil Helen Løvoll, Geir Nodland,  
Elisabeth Hauso, Pål Espen Nielsen

Akkompagnatør: Jon Are Skansen

Billetter: 150.- (100.- for barn under 16 år)

Reserver billetter hjå korets medlemmar,  
eller under Konsertar på [www.bkvivace.com](http://www.bkvivace.com)



**Heilage Tre Kongars fest**

**på Saron  
2. januar kl. 19.00**

**Tale av Generalsekretær  
Jørn Lemvik  
i Bistandsnemnda**

Samtale med  
utanlandsk misjonstudent  
Musikk av Torvald Tjåland & co  
Matsservering  
Misjonsgåve

*Det Norske Misjonsselskap*



**Nyttårs-konsert**

**i Bryne kyrkje  
sundag  
9. januar kl. 18.00**

Klepp Damekor  
Klepp Mannskor  
Frøysang  
Lund Bygdekor  
Hå Dur og moll  
Kor Essa

*Arrangør:  
Norges Korforbund Rogaland*



**Velkommen til  
"Sundagstreff"  
våren 2011**

Kl. 18:00: Song, ringleik, kaffi og drøys i peisestova i Bryne kyrkja  
Kl. 19:00: Ein enkel gudsteneste i kyrkjesalen.

Arrangementet er ope for alle og tilrettelagt for menneske med utviklingshemming.  
Hjarteleg velkomen!

**Datoar for våren 2011:**  
**Sundag 16. januar**  
**Sundag 20. februar**

**Sundag 20. mars kl. 11.00** deltek Sundagstreff og Bankers på formiddagsgudstenesta i Bryne kyrkja. Det vil bli ein gudstenesteverkstad i veka føre. (Tidspunkt kjem etter kvart.)

**Sundag 10. april**  
I mai blir det sommaravslutning med grillfest. (Dato kjem etter kvart.)



**Med ord av Garborg og tonar av Bach og Brahms jubilerer vi jær-diktaren**

**på Undheim kapell  
21. januar.**

Matbete og drøys frå kl. 18.30,  
ord og tonar frå kl. 19.30.

Velkomne!

...få live og leika, live og leika, ei lang stund, ei lang stund, alt til vinters ...

Frå Fred



**Minnegudsteneste i  
Time kyrkje.**

**Sundag 9. januar kl 19.00**

blir det minnegudsteneste i Time kyrkje. Her vil vi minnast dei som døydde frå oss i året 2010.

Gudstenesta er open for alle som ønskjer å vera med. Gudstenesta blir ved prest Gunnar Frøyland og diakon Marit Høie Hetland. Namna på alle som er gravlagd i Time i 2010 blir lesne opp, det blir tent lys. Songgruppa Shalom blir med.

**Velkomen.**



**Per Oddvar Hildre, "Prots"  
Undheim kapell**

**Fredag 4. - Søndag 6. februar 2011**

Korseminar : Fredag kl.18-21  
Laurdag kl.10-18  
Søndag kl.13-17  
Konsert : Søndag kl.18

Korseminaret er ope for alle som har lyst til å bli med på ei helg full av inspirasjon og sangglede.  
Pris kr.300,-

Seminarkoret, på ca.100 pers, vil til slutt ha konsert under leiing av "Prots". Konserten er open for alle.  
Pris kr.150,-

Påmelding, så snart du har bestemt deg, seinast 7.januar 2011  
Olaug Iren Rasmussen, [rura@online.no](mailto:rura@online.no)  
Mob.90816334  
Nils Garborg Reiten, [ngreiten@online.no](mailto:ngreiten@online.no)  
Mob.41688518  
For alle detaljer sjå; [www.pohildre.com](http://www.pohildre.com), workshops

Arr: DeKor, i anledning vårt 10-års jubileum



**M-Aks  
klubben**

**på Saron Våren 2011  
Frå første klasse  
og oppover.**

Kvar tysdag frå kl. 17.30 til 19.00 fram til 03.05.2011. (Vi følgjer skuleruta og har ikkje samling i skulens vinter- og påskeferie).

Første samling etter jul er tysdag 11.01.2011

Aktiviteter kvar veke er: sløyd (pussing, snikring, byggje ting av tre etter teikning, eller etter fantasien).

I oddetalsveker har vi også formingsgruppe, der vi bl.a lagar kort, påskepynt og maler på eggeglas. (Første formingsgruppe blir 18.01)

Velkommen

*Misjonssambandet*



**Bryne 9:13**

**Forskjellige aktiviteter,  
andakt og kafé  
for 4-7. trinn  
i Bryne kyrkje  
kl. 17.30-19.30**

Desse dagane:

- 6. januar
- 20. januar
- 3. februar (Jærmuseet)
- 17. februar
- 3. mars
- 17. mars
- 31. mars
- 14. april
- 28. april
- 12. mai



**"BYGGEKLOSSEN"  
STARTAR OPP IGJEN**

**2010/2011 i Peisestova  
i Bryne kyrkje kl. 20.00**

**- Småbornstreff for heimeverande med små born-  
Oppstart onsdag 19. januar kl 10.00 - 12.00 i  
peisestova i Bryne kyrkje.**

**- vidare: onsdagar i oddetalsveker**

Er du heime på dagtid med små born er du velkomen til Byggeklossen. Det er ei uformell samling for heimeverande foreldre, besteforeldre, dagmammaer etc. med born mellom 0-5 år

- Ungane leikar medan dei vaksne pratar.
- Vi har ei musikkksamling saman.
- Ta med matpakke, så et vi lunsj saman.
- Vi har kaffi, te og vann til alle.
- 10 kroner pr. gong pr. vaksen uansett kor mange born du har med deg.

**Hjarteleg velkomen!**

**Har du leiker heime som du ikkje treng meir?**

For at det skal vere kjekt for borna å kome på Byggeklossen treng vi leiker. Vi treng både ting til jenter og gutar i barnehagealder. Leiketeppe, babyleiker, byggeklossar, duplo, dokker, bilar, bøker, etc. Vi treng det meste. Vi blir svært glade for leiker vi kan få til dette formålet. Då kan det enten leverast på kyrkjekontoret, eller du kan ringa 51770377 eller senda epost til [diakon@time-kyrkja.no](mailto:diakon@time-kyrkja.no) så kan vi henta det.

Tusen takk for hjelpa.

Korleis har du det...  
**EIGENTLEG?**

Krisetelefon 815 33 300  
SOS-Melding: [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)

**Kirkens SOS**  
EIT MENNESKE Å SNAKKE MED  
NÅR LIVET ER SOM VERST

## Julegåvetips:

Er det vanskeleg å finna på kva du skal gje i julepresang?

Her er eit supertips, ei gåve som investerar i framtida:

Kva med å gje eit samlivskurs til born/svigerborn der du tilbyr barnevakt som ein del av pakken?

Det er framleis ledige plassar igjen på samlivskursa **"To på same kurs"** (kurs 1), og **"Eit annleis språkkurs"** (kurs 2) som skal vere på **Holmavatn laurdag og søndag, 22-23 januar, med overnatting.**

Tenk for ein flott presang å få, ei helg der dei kan få pleia parforholdet utan at dei treng å trylla for å plassera borna!

For meir utfyllande informasjon om kurset, sjå førre

nummer av Helgedagen eller ta kontakt med kyrkjekontoret

tlf: 51 77 03 77 eller email: [diakon@time-kyrkja.no](mailto:diakon@time-kyrkja.no)



"Eit annleis språkkurs"



## Tårnagentar på NRK-Super og i kyrkja!

Denne jula viser NRK ein spennande serie under "Julemorgon"-sendingane for barn. I serien møter vi fire barn som har ein hemmeleg agentlubb i eit kyrkjetårn. Dei oppdagar ein måte å reise i tid på, og får utfordrande oppdrag som skal løysast. Dei opplever at forteljningane i Bibelen også betyr noko for dei i kvardagen.

Gå ikkje glipp av "Tårnagentane" i jula!

Spesielt flott tilbod til 2.kassingar på Bryne:

Bli med på Tårnagenthelg i kyrkja! Siste laurdag i januar skal vi vere agentar og løyse ulike oppdrag og mysterium. Ekstra spennande dette året blir om vi kan finne ut meir om den flotte glaskunsten i kyrkja. Søndagen vert det familiefest i kyrkja kl. 12.00.

Det vert sendt ut invitasjon etter medlemsregisteret på nyåret. Tilbodet er for alle 2.klassingar – ta kontakt med kyrkjekontoret om de ikkje får invitasjon i posten.



## Far og sønn på samme talerstol!

**søndag 13. februar kl 19.00**  
**Håvard og Johannes Kleppe**

setter **Misjon og Israel** i fokus i fellessamlingen for israelsmisjonen på Jæren i **Bryne kyrkje.**

Velkommen.

*Den Norsk Israelmisjon*

## Julegaven som varer et helt år...

Gi Misjonstidende i gave til deg selv eller en du er glad i:  
Kr 380 inkl kalender og jule-cd  
Tlf: 51 51 61 00 eller  
e-post: [infosenter@nms.no](mailto:infosenter@nms.no)  
[www.nms.no/misjonstidende](http://www.nms.no/misjonstidende)

**Misjonstidende**  
AKTUELT OM MISJON OG KIRKE



## Glaskunstfest 30.januar!

På nyåret er Bryne kyrkje smykka med eit fantastisk kunstverk! Siste del av Per Odd Aarrestad sin glaskunst er sett inn i frontveggen.

Nest siste del (sjå foto) blir montert medan dette vert skriva. Utover i 2011 skal kyrkjerommet fornyast innvendig med fargar og lys som gjer mest mogleg rett mot kunsten og den enkelte si kyrkjeoppleving i ei fornya Bryne kyrkje. Blir det god respons frå næringsliv og enkeltgjevarar, kan neste trinn med glaskunst i tårnveggen også setjast i gang.

Kom og sjå nesten ferdig glasvindu til advent og jul! Kom på fest når det står ferdig!

For dette må sjølvstekt feirast. Helst på ein måte som gjer at "heile Bryne" får vera med og kjenna at dette er vårt! Ein fersk kulturkomitee planlegg nå arrangement som skal bidra til det. Først ut er glaskunstfest 30.januar. Ein familiefest for alle!



Ruben Gazki


Programmet for glaskunstfesten

startar kl.12. Litt av planane røpar me gjerne: Feiring og stas på kunstnar og kunstverk. Barn spør kunstnaren og tårnagentar (7-åringar på kyrkjehelg) er detektivar på kunstverket. Varierte kulturuttrykk med orgelbrus (Per Olav Egeland), munnspel (John Josefsen) og barn med sang og framføring. Heidi Strand Harboe med medarbeidarar fortel og framfører forteljinga om "Guds gjøgler". Møte med tryllekunstnaren Ruben Gazki.

Kl.13: Ein time med god mat (middag), myldring, loddsal, aktivitetsstasjonar og høve til å snakka med kunstnaren. Prisar kjem me tilbake til, men trening på lodd skjer til slutt, litt før kl.15.

Kl.14: Familieshow med, tryllekunstnar, sjonglør og magikar. På sin måte opnar han for mystikken si verd, slik glaskunsten gjer for det store kristne mysteriet. Gå gjerne inn på nettsida hans på <http://www.rubengazki.no/> og få lyst til å koma og vera med å feira!

*Stein Ødegård*



Bryne gjennom ny glaskunst i kyrkja. Foto: Edvin Berg



## Til alle gode hjelparar for julemessa 2010 i Bryne Kyrkje

Tusen takk til alle som har gjort julemessa muleg!

Takk til alle som har kjøpt lodd, levert og laga gevinstar, laga mat og bidratt med praktiske ting.

Julemessa er eit resultat av ein stor felles dugnad.

Tusen takk til alle!

Det kom inn ca. kr. 155 000 brutto på julemessa.

75% av nettoen går til barne- og ungdomsarbeidet i kyrkja og 25 % til det ungdomsretta arbeidet return-2sender i Den Norske Israelmisjon, som er ein del av misjonsprosjektet for Bryne sokneråd.

*Helsing julemessekomiteen, v/Liv Tounn Ødegård*

<p>VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS</p> <p><b>eK</b> Glassmesterforretning Einar Knutsen as Postboks 149, 4349 Bryne TLF. 51 48 02 11. DØGNSERVICE 971 78 180</p>	<p><b>BRYNE STEIN &amp; HAGESERVICE</b></p> <p>BELEGNINGSTEIN   NATURSTEINARBEID   SKJER   GRAVING   PLANTING   BESKJÆRNING</p> <p>Håland, 4340 Bryne tlf. 4000 7889</p>	<p><b>TEAM BYGG</b></p>
<p><b>MØBELRINGEN</b></p> <p>I. Bjørnсен A/S Jærv. 250,4340 Bryne - 51 78 50 20</p>	<p><b>B&amp;M</b> Bok&amp;Media</p> <p>Alt i bøker, musikk, rekvisita, kort og hobby i Storgata 26</p>	<p><b>BAKERS</b></p>
<p><b>HELLVIK HUS</b></p> <p>Bygg med glede! www.hellvikhus.no</p>	<p><b>Bohus</b></p> <p>Håland Industriområde 4340 Bryne Tlf.: 51 77 84 40 • jaren@bohus.no Åpningstider Hverdager: 10-19 Lørdag: 10-15</p>	<p><b>JÆREN HOTELL</b></p>
<p><b>VB</b> Varme &amp; Bad</p> <p><b>Bryne Rør AS</b></p> <p>Skulegata 9 • 4340 Bryne</p>	<p><b>EL-TEAM</b> Elektroentreprenør</p> <p>Morenefare 5, Bryne, Tlf. 51 48 67 40 E-post: dr@el-team.net, Internett: www.el-team.net</p>	<p><b>JÆREN HOTELL</b></p>
<p><b>SpareBank 1</b> SR-BANK</p>	<p><b>TIME SPAREBANK</b> - for Jæren</p>	<p><b>Fermate Rogaland</b></p> <p>Et sted for frihet og forandring Et samarbeid mellom Bethania-stiftelsen, Diakonova og Normisjon</p>
<p><b>EiendomsMegler 1</b> JÆRMEGLEREN</p>	<p><b>Selge bolig på Jæren?</b></p> <p>Ring tlf. 51 77 80 00 www.terra.no</p> <p><b>TERRA</b> EIENDOMSMEGLING</p>	<p>TRENGER DU NOEN Å SNAKKE MED? Samtaler kan avtales på tlf.: 467 46 670 eller mail: <a href="mailto:fermanterogaland@emmaus.no">fermanterogaland@emmaus.no</a></p> <p>Besøksadresse: Hoveveien 38, Sandnes <a href="http://www.fermanterogaland.no">www.fermanterogaland.no</a></p>
<p>Vil du gi en gave til Normisjon?</p> <p>Kontonr: 1503.02.13537</p> <p>Husk å øremerke gaven hvis du vil den skal gå til noe spesielt.</p> <p>www.normisjon.no</p>	<p><b>coop obs!</b> HYPERMARKED</p> <p>Tlf. 51 77 86 00</p>	<p><b>Lauritz Aarsland</b> Tannlege</p> <p>Tlf. 51 48 28 93</p>
<p><b>WACO</b> Forsikringsmegling as</p>	<p>Vi har alt innen trykksaker</p> <p><b>JÆRPRINT</b> TRYKKERI &amp; DESIGN</p> <p>952 99 844</p>	<p><b>Bli Fadder!</b></p> <p>www.misjonsalliansen.no 22 94 26 00 misjonsalliansen</p>

<p>Hus for norske forhold</p> <p><b>SAGABO</b> HUS FOR NORSKE FORHOLD</p> <p>Jernbanegaten 9, 4340 Bryne tlf. 51 77 19 60 www.sagabo.no</p>	<p>3% 4% 5% 6% 7%</p>	
<p>Murmester Heskje AS Hålandsveien 24, P.b. 270 4340 BRYNE Tlf 51 77 19 80 Fax 51 77 19 81</p>	<p><b>Johansen Elektriske as</b></p> <p>Postboks 510 - 4349 Bryne Tlf: 51 48 01 01</p>	<p><b>Jærsol as</b></p> <p>Innvendige persiener Utvendige persiener Lamellgardin Rullegardin Plisségardin Screenduk Markiser Terrassemarkiser</p> <p>Bjørkeveien 6 4340 Bryne. Tlf. 473 59 935 E-post: per.hareland@lyse.net</p> <p>Gratis befaring? SMS med AC til 1963</p> <p><b>ACsenteret</b></p> <p>Varmepumpe fra ACsenteret - en god investering fra en trygg leverandør</p> <p>Breimyra 14 Bryne/Håland 51 77 78 70 www.acsenteret.no</p>
<p><b>BYGGMESTER HERSDAL AS</b></p> <p>Alt i nybygg, påbygg og rehabilitering Mobil 908 55 625</p>	<p><b>BØRGE UNDHEIM A/S</b> KYLINGOPPRETT</p>	<p><b>Koinonia</b> KOINONIA BOK OG MUSIKK</p> <p>Motehuset Bryne Torg Storgata 10-12 - 4340 BRYNE Tlf. 51486520</p>
<p><b>KROGEDAL</b> begravelsesbyrå</p> <p><b>DØGNVAKT</b> 51972900</p> <p>Våre medarbeidere på Jæren Runar Apeland, Borgny Å. Skretting Brikt Goa og Oddbjørn Folde Kontor: Bryne og Sandnes</p> <p><b>STEINAVDELING</b> GRAYMONUMENT PLATER Ny hjemmeside: www.krogedal.no</p>	<p><b>Bryne Begravelsesbyrå</b></p> <p>Tlf.: 51 77 80 80</p> <p>Vi ønsker å bidra til en verdig gravferd</p> <p>www.brynebyrraa.no Reeveien 34, 4340 Bryne Døgnvakt</p>	<p><b>e i k h i</b></p>
<p><b>Bli Fadder!</b></p> <p>www.misjonsalliansen.no 22 94 26 00 misjonsalliansen</p>	<p><b>[tsjili]</b></p> <p>Få Norges største misjonsblad gratis i postkassen. Send e-post til <a href="mailto:tsjili@misjonsalliansen.no">tsjili@misjonsalliansen.no</a> eller ring 22 94 26 00.</p>	<p>Misjonsblad for <b>srae</b></p> <p>6 nr i året kun kr 210,-</p> <p>Den Norske Israelsmisjon <a href="mailto:post@israelsmisjonen.no">post@israelsmisjonen.no</a></p>

# Nye Ungdomslokaler

## UK i "gamle dager"

Husker du "gamle" UKP-Ungkyrkja Produksjoner? En gang var Ungkyrkja ikke bare et ungdomsarbeid men også et produksjonsselskap. Ungdomsarbeidet i Bryne Kyrkje som kalles Ungkyrkja, har sammen med kirkebygget, rundet 30 år. De synlige tegnene på Ungkyrkja sin fortid har man funnet i bomberommet i kirke-kjelleren. Gamle hjemmelagde høyttalere, hundrevis av skuffer med dupeditter, loddeapparat og metervis med nedstøvet verktøy langs veggene, har vitnet om ei tid da "alle" visste hva UK -Ungkyrkja var.

## Ny vin i nye skinnsekker

Det har runnet mye vann i havet siden den gang. Ungdomsarbeidet i Bryne kyrkje har, som de fleste andre steder, gått i bølger. Nå opplever vi at grafen peker rett vei. Det er en ny generasjon UK-ere som har inntatt kirka. Da kan en tidligere storhetstid både være et spøkelse og en velsignelse. Vi som leder Ungkyrkja må passe på at vi ser mer fremover enn bakover. I den forbindelsen har vi sett at en ansiktsløftning

på lokalene har vært nødvendig, og vi har gått brutalt til verks. Verktøy, vannbad og veggene er vekk. Lodderom, lagerrom, mørkerom og verksted er nå i ferd med å bli til et 50 kvm ungdomslokale. Rommet vil, når det er ferdig, fremstå som et kafélokale som skal være fleksibelt i bruk. En liten scene med topp lyd og lysanlegg skal sørge for at lokalene for eksempel kan brukes til små intimkonserter.

## Ser endelig slutten

Økonomisk støtte fra Time kommune har sørget for å gjøre prosjektet mulig. Likevel har vi hele tiden vært avhengige av å gjøre det meste på dugnad. Og dugnadsprosjektet har tatt tid. Det er nå to år siden vi kjørte de første tilhengerlassene med gammelt skrot vekk fra kirka. Kirketjener Alf Einar Weseth har ledet arbeidet, og dugnadsgjengen har stort sett bestått av ungdommer. I høst har tømmermann Edvin Berg bidratt med mangfoldige dugnadstimer, og sørget for at vi nå



kan begynne å glede oss til å åpne rommet for ungdommene en gang på nyåret.

*Tekst/foto: Leif Oscar Reiestad*

## Gjevarteneste

Barne- og ungdomsarbeid i Bryne,  
kto.nr. 3325.25.07057

"Vi gjev" - diakonalt arbeid i Time  
kto.nr. 3325.21.30859

Kyrkjelydsarbeidet / Gjevarteneste  
ungdomsarbeidar, Undheim  
kto.nr. 3325.21.55657

Undheim kapell - gåver  
kto.nr. 3325 25 08959

Frøyland-Orstad kyrkjelyd,  
kto.nr. 3290.60.44179

Kyrkjebygg Frøyland-Orstad  
kto.nr.3325.25.09270

Ungdomsarbeidar på Lye  
kto.nr. 3325.25.04260

Stikk innom vår heimeside  
<http://www.time-kyrkja.no>

# Rett og slett - JESUS – kveldsgudstenester i Bryne kyrkje

Det er kveldsgudsteneste ein søndag i månaden i Bryne kyrkje kl 19:00. For kvar vår og haust ynskjer gudstenesteutvalet å finne eit tema som er tidsaktuelt for vedkomande semester. For våren har ein vald "Rett og slett Jesus". Ja, for kven er meir aktuell enn han?

Nyleg reiste ein stor, norsk konferanse spørsmålet om Jesus er vår tids siste tabu. For mange snakkar lettare om Gud, kyrkja, englar og religion enn om Jesus. Har Jesus vorte lukka inn i eit smalt rom og språk som mange vil oppfatta er så snilt, rettruande og personleg at det vert klamt og vondt å snakka fritt om Jesus i det offentlege romet? Gjennom våren sin kveldsgudstenestserie håpar me at kyrkja kan gje viktig kunnskap og fornya språk om Jesus - og at mange kjem og er med på å bryta ned eit tabu som er vel vert å fjerna!

I Matt 16,13 spør Jesus disiplane "kven seier folk at eg er". Vi spør: Kven er Jesus og kva er Jesus for deg? I løpet av fem sundagar vil inviterte innleiarar gje sine svar på det til godt tonefylgje.



*Frå Fødselskyrkja i Betlehem*

Tittel for dei fem kveldane er:

- *Jesus sett med jærseke briller*
- *Jesus i nyare forskning*
- *Jesus i populærkulturen*
- *Jesus i livet mitt*
- *Jesus i framtida*



## NMS Gjenbruk på Bryne

Saronsbrotet 3, 4340 Bryne  
Tlf. 951 06 028

### Opningstider:

mandag/fredag kl. 10 - 17  
lørdag kl. 11 - 15

*Velkommen med varer av mange slag  
- eller til ein god handel!*

**Fleire og fleire kjem til Gjenbruks-  
butikken i Saronsbrotet**



Gi til NMS – få skattefradrag!



Det Norske  
Misjonsselskap

BROBYGGER I ORD OG HANDLING

Konto: 8220 02 85030 • Tlf: 51 51 61 00 • [www.nms.no](http://www.nms.no)



## DØYPTE

## BRYNE KYRKJE

**03.10.10:** Melina Kalsås,  
Sølve-Rene Vigre,  
Sindre Kalberg Heskestad  
**17.10.10:** Olivia Rosseland Tjensvoll,  
Aurora Kirsti Ciekals Friestad,  
Aron Svalestad Amdal,  
Christian Lyngdal, Viktor Strand  
**14.11.10:** Lycke Vidvei,  
Jonathan Ree Saltrø,  
Markus Lode Helland, Are Rosseland

## TIME KYRKJE

**23.10.10:** Rebekka Pollestad Gramstad,  
Ella Haugland,  
Angela Viktoria Pawlowicz,  
Maria Serigstad, Torje Frøyland,  
Rune Andtbacka Bore,  
Tom-Andre Klepp, Trym Førland Risa,  
Lars Ulrik Vedvik  
**24.10.10:** Brian Heskestad,  
Ashleen-Sophia Keenan,  
Rakel Serigstad Fossen

## LYE FORSAMLINGSHUS

**17.10.10:** Herborg Håland  
**14.11.10:** Celine Sørskår,  
Hermine Undheim Svanes

## UNDHEIM KAPELL

**03.10.10:** Jan Risa Taksdal

## VIGDE

**02.10.10:** Inger Karin Lima og  
Jonn Øyvind Jensen  
**09.10.10:** Camilla Møller Kristiansen og  
Espen Andreas Bilstad,  
Marte Larsen og Morten Aarrestad  
**16.10.10:** Elin Hognestad og  
Terje Egeland  
**23.10.10:** Kari Lise Heskestad og  
Ole Meidell Sande

## DØDE

Karen Judith Nesse, Anny Rasmussen,  
Bergljot Fjermestad, Olav Salte,  
Trygve Egeland, Gunnvor Gausland,  
Ragnhild Undheim, Alf Johan Vervik,  
Ada Henny Rosseland, Jon Rosland

## Vegen tilbake til Gud

"For så elska Gud verda at han gav Sonen sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv!". Joh. 3,16

**Bøn:** Jesus, du veit om mine feil og nederlag. Eg trur at du er Guds son som døydde på krossen. Slik vart ditt blod gjeve for syndene mine. Kom inn i hjarta mitt og livet mitt og gjer meg til eit Guds barn. Eg tek imot deg akkurat nå som min Herre og Frelsar. Eg tek imot di tilgjeving for syndene mine. I Jesu namn. Amen.



# FRETEX

Vi gir folk grunn til å tro på framtiden

## Fretext Butikksalg

Meierigata 17, 4340 Bryne

Tlf. 51 48 56 50 - [www.fretext.no](http://www.fretext.no)

Opningstider:

mandag/fredag kl. 10 - 18 lørdag kl. 10 - 15

## Ute etter ein god gaveidé?

Kva med å gje eit minne frå Time? "På kyrkjeveg" er ei bok du vil gleder andre med. Du kan kjøpa den hos bokhandlarane Orre Libris, Koinonia og Bok og Media, eller på Time kyrkjekontor.

Boka kostar kr. 300,-.



## Skyss til gudstenesta

**BRYNE KYRKJE:**  
Sverre M. Lima  
51 48 21 33

Jonas Frøyland  
41 30 04 68

Gabriel Tengsareid  
51 48 28 98

Ring før kl. 10.00.

## TIME KYRKJE:

Frode G. Fotland  
51 48 71 11  
90 74 84 03

Dorteia Haugland  
51 48 70 04

Ring før kl. 09.30



**Sundag 5. desember**  
Bryne kyrkje kl. 11.00  
Bryne kyrkje kl. 18.00  
Time kyrkje kl. 11.00

**Sundag 12. desember**  
Bryne kyrkje kl. 11.00  
Lye forsamlingshus kl. 10.30  
Undheim kapell kl. 10.30

**Sundag 19. desember**  
Time kyrkje kl. 11.00  
Undheim kapell kl. 18.00

**Kristi openberringsdag** **2. januar**  
Bryne kyrkje kl. 11.00

**Gudstenester jul, nyttårsafta og nyttårsdag står på baksida av bladet**

**Sundag 9. januar**  
Bryne kyrkje kl. 11.00  
Lye forsamlingshus kl. 10.30  
Time kyrkje kl. 19.00  
Undheim kl. 10.30

**Sundag 16. januar**  
Bryne kyrkje kl. 11.00  
Time kyrkje kl. 11.00

**Sundag 23. januar**  
Bryne kyrkje kl. 19.00  
Lye forsamlingshus kl. 10.30  
Rosseland skule kl. 11.00  
Undheim kapell kl. 10.30

**Sundag 30. januar**  
Bryne kyrkje kl. 12.00  
Time kyrkje kl. 11.00

**Sundag 6. februar**  
Bryne kyrkje kl. 11.00  
Lye forsamlingshus kl. 10.30  
Undheim kapell kl. 10.30

**Vingardssundagen - 13. februar**  
Bryne kyrkje kl. 11.00  
Time kyrkje kl. 11.00



**Luk 21, 25 – 33**  
Familiegudsteneste. Dåp  
Lys vaken – 5. klasse  
Sundagstreff. Arrangementet er  
tilrettelagt for menneske med  
utviklingshemming  
Familiegudsteneste. Dåp.  
Vestly skule deltek.

**Jes. 35, 3 – 10**  
Gudsteneste. Nattverd. Jungelgjeng  
Gudsteneste. Dåp  
Gudsteneste. Dåp

**Joh. 1, 19 – 27**  
Gudsteneste. Dåp. Løvegjeng.  
Vi syng jula inn

**Matt. 2, 1 – 12**  
Gudsteneste. Nattverd

**Matt 3, 13 – 17**  
Gudsteneste. Dåp. Jungelgjeng  
Gudsteneste. Nattverd  
Minnegudsteneste  
Gudsteneste. Dåp

**Joh. 2, 1 – 11**  
Familiemesse. Dåp. Nattverd  
Gudsteneste. Dåp. Løvegjeng

**Joh. 4, 46 – 54**  
Kveldsgudsteneste  
Gudsteneste. Dåp  
Gudsteneste  
Gudsteneste

**Matt. 8, 23 – 27**  
Familie/Festgudsteneste.  
Gudsteneste. Nattverd. Løvegjeng

**Matt 13, 24 – 30**  
Gudsteneste. Dåp. Jungelgjeng  
Gudsteneste. Nattverd  
Gudsteneste

**Matt 20, 1 – 16**  
Gudsteneste. Nattverd Jungelgjeng  
Gudsteneste. Dåp. Løvegjeng



# Til kyrkje - jul og nyttår



Jula er den store kyrkjehøgtida her i landet. I Time er det råd å koma til kyrkje mange gonger i julehelga.

## Julafta

Bryneheimen	kl. 10.00
Sivdamsenteret	kl. 11.00
Bryne kyrkje	kl. 14.30, 15.45 og 17.00
Time kyrkje	kl. 14.30, 15.45 og 17.00
Undheim kyrkje	kl. 14.30

## Juledag

Bryne kyrkje	kl. 12.00
Time kyrkje	kl. 11.00

## 2. juledag

Undheim kyrkje	kl. 10.30
----------------	-----------

Alle gudstenestene i jula er fylt av song og musikk. Me høyrer og syng dei kjende og kjære songane og får møta nyare songar med eit anna språk i tekst og tone.

Julafta er gudstenestene i Bryne og Time noko ulike. Dei to første er tradisjonelle julaftagudstenester med barna i fokus. Den siste gudstenesta er meir til stille ettertanke. Her er mykje song og musikk og preika er meditativ. Dette er gudstenesta for dei som ynskjer å gå eit steg ut av travelheita.

Parkering. Ved Bryne kyrkje vert det fort kaos. Fint om me kan praktisera einvegskøyring. Køyr inn ved Solberg elektriske og ut om Shellstasjonen. Ikkje blokker vegen. Lytt til parkeringshjelparane.

## Nyttårsafta

Bryne kyrkje	kl. 23.15	Midnattsgudsteneste
Undheim kapell	kl. 22.45	Midnattsgudsteneste

## Nyttårsdag

Time kyrkje	kl. 11.00	Høgtidsgudsteneste. Nattverd
-------------	-----------	------------------------------

**God jul og godt nytt år i heim og kyrkje!**